

## Innkalling

---

|           |                                         |
|-----------|-----------------------------------------|
| Utval     | Ålesund kontrollutval                   |
| Møtestad  | Lerstadvegen 545, <b>3. etg kantina</b> |
| Dato      | 01.12.2021                              |
| Tidspunkt | kl 16:00                                |

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksi.no](mailto:post@sksi.no) eller på telefon 907 41 399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Digitale dokument til møtet finnes på [www.kontrollutval.no/alesund](http://www.kontrollutval.no/alesund)

### Sakliste

- PS 38/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- OS 02/21 Reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune - orientering
- OS 03/21 Varslingsinstituttet i Ålesund kommune - årleg orientering 2021
- OS 04/21 Status økonomi
- PS 39/21 Forenkla etterlevingskontroll - plan for 2021
- PS 40/21 Eigarskapskontroll Ålesund kommune - bestilling av prosjektskisse
- MS 03/21 Henvending om sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale
- MS 04/21 Oversikt per 21.10.2021 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Ålesund, 23.11.2021

Bente Bruun  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 38/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

#### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

#### **Vedlegg**

Protokoll - Ålesund kontrollutval - 20.10.2021

## Møteprotokoll

---

|                  |                         |
|------------------|-------------------------|
| <b>Utval</b>     | Ålesund kontrollutval   |
| <b>Møtestad</b>  | Lerstadvegen 545 4. etg |
| <b>Dato</b>      | 20.10.2021              |
| <b>Tidspunkt</b> | kl 16:00 - 17:45        |

---

### Frammøtte

Kåre Alfred Hanken  
Terri-Ann Senior

### Forfall

Bente Bruun  
Jannicke Strømmen  
Knut Helge Vestre

### Varamedlem

Terje Devold  
Charlotte Wennersberg

### Andre som møtte

Kurt Løvoll  
Linn Gunhild Pettersen  
Solveig Kvamme

### Stilling

Konstituert leiar MRR SA  
Regnskapsrevisor  
Rådgjevar SKS IKS

### Møtenotat

#### **Sak 34/21** Rapport forvaltningsrevisjon møte:

Frå kommunedirektøren sin administrasjon: Kommunalsjef Ole Andreas Søvik og Ass.  
kommunalsjef Per Langnes

Frå Møre og Romsdal revisjon SA: Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei.  
Kontrollutvalet takkar forvaltningsrevisorane for ein god gjennomgang av rapporten og administrasjonen for deltaking og nyttig informasjon.

#### **Sak 35/21** Revisjon- og kommunikasjonsplan møte:

Frå Møre og Romsdal revisjon SA: Oppdragsansvarleg revisor Anne Jorun Vatne og revisor Anne Oterhals.

Kontrollutvalet takkar for ein nyttig og informativ gjennomgang.

**Eventuelt:**

E-post som kom i det møtet starta, vart nevnt. Den er frå tre kommunestyrerepresentantar, med spørsmål om kontrollutvalet kan sjå på sakshandsaminga kring overføring av festeavtale Sørsida. Den vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering på neste møte.

Terri-Ann Senior

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 33/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 34/21 Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor -  
Ålesund kommune
- PS 35/21 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021
- PS 36/21 Medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT for Ålesund  
kommune
- MS 01/21 Engasjementsbrev og erklæring om revisor sitt sjølvstende -  
Møre og Romsdal Revisjon SA
- MS 02/21 Oversikt saker 2021 per 01.09.2021
- PS 37/21 Møteplan 2022 Ålesund kontrollutval

## **PS 33/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 33/21 vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 34/21 Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor - Ålesund kommune**

### **Tilråding til vedtak:**

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren merke seg dei utfordringar som har vore knytt til kryssubsidiering og ta det med i det vidare arbeid med etablering av eit nytt renovasjonsselskap.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren sikre at pliktig avsetning til etterdriftsfond vert handtert i tråd med revisor si tilråding.

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 34/21 vedtak**

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor og ber kommunedirektøren merke seg desse.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren merke seg dei utfordringar som har vore knytt til kryssubsidiering og ta det med i det vidare arbeid med etablering av eit nytt renovasjonsselskap.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren sikre at pliktig avsetning til etterdriftsfond vert handtert i tråd med revisor si tilråding.

## **PS 35/21 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021**

### **Tilråding til vedtak:**

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for revisjon og kommunikasjon 2021 til vitande

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 35/21 vedtak**

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for revisjon og kommunikasjon 2021 til vitande

## **PS 36/21 Medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT for Ålesund kommune**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet rår Ålesund kommune til å teikne medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT.

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 36/21 vedtak**

Kontrollutvalet rår Ålesund kommune til å teikne medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT.

## **MS 01/21 Engasjementsbrev og erklæring om revisor sitt sjølvstende - Møre og Romsdal Revisjon SA**

### **Tilrådning til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 01/21 vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **MS 02/21 Oversikt saker 2021 per 01.09.2021**

### **Tilrådning til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 02/21 vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **PS 37/21 Møteplan 2022 Ålesund kontrollutval**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2022:

- onsdag 26. januar
- onsdag 2. mars



- onsdag 27. april
- **torsdag 2. juni**
- onsdag 31. august
- onsdag 19. oktober
- onsdag 23. november

## **Ålesund kontrollutval 20.10.2021**

### **Behandling**

Votering: Samrøystes vedteke

### **ÅKU - 37/21 vedtak**

Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtek følgande møter for kalenderåret 2022:

- onsdag 26. januar
- onsdag 2. mars
- onsdag 27. april
- **torsdag 2. juni**
- onsdag 31. august
- onsdag 19. oktober
- onsdag 23. november

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
OS 03/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### **Varslingsinstituttet i Ålesund kommune - årleg orientering 2021**

#### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet fekk i sitt møte 22.06.2020 ei orientering frå kommunedirektøren ved kommuneadvokat Line Thommassen om kva rutiner Ålesund kommune hadde for å handsame varsel. Spesielt dei varsel som ikkje kjem inn under AML kap 2 a. Kommunen skal ha ei eiga varslingsnemnd som skal handsame dette.

Kontrollutvalet presiserte i sitt møte 17.08.2020 at dei ynskjer ei årleg orientering om arbeidet i varslingsnemnda.

Kommunedirektøren er invitert til møtet 01.12.2021 for å gje kontrollutvalet ein statusrapport frå arbeidet i varslingsnemnda.

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
OS 02/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### Reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune - orientering

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kommune har nyleg hatt ein revisjon av ulike dokument knytt til dei folkevalde organa. I kommunestyremøtet 23.09.2021 sak 178/21 vart Reglement for folkevalde organ og Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår vedteke.

Begge reglementa i opptrykt utgåve, samt etisk standard for tilsette og folkevalde, vert å dele ut på kontrollutvalet sitt møte 01.12.2021. Den digitale utgåva finn de her: Kommunale reglement - Ålesund kommune ([alesund.kommune.no](http://alesund.kommune.no))

Kommunedirektøren er invitert til å gje kontrollutvalet ei kort orientering om reglementa i møtet 01.12.2021. Då med spesielt fokus på kva endringar som no er vedtekne. Samt gje ei oversikt over frikjøpsordninga slik den no vert praktisert..

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
OS 04/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### Status økonomi

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kommunedirektøren er beden om å orientere om status for økonomien i Ålesund kommune. Stabssjef økonomi og verksemdstyring Lars Fylling gjev ei orientering til kontrollutvalet.

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 39/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### Forenkla etterlevingskontroll - plan for 2021

#### Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for etterlevingskontroll 2021 til vitande.

#### Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevingskontroll etter kommunelova, er innanfor ei avgrensa ressursramme å førebygge svakheiter og bidra til å sikre at kommunen følgjer sentrale avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis.

Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det gjeld brot på lover, forskrift eller vedtak, der brotet er av vesentleg tyding for økonomiforvaltninga. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltninga der det er størst behov for at avgjerder og vedtak blir fylgt opp og der brot på avgjerder/vedtak får størst konsekvensar. Revisor skal seinast 30. juni 2022 gje ei skriftleg utsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen. Kontrollutvalet vil måtte vurdere desse funna og gjere ei vurdering i samråd med revisjonen om funna bør kommuniserast vidare til kommunestyret. Etterlevingskontrollen for rekneskapsåret 2020 hadde fokus på kontroll av om reglane knytte til vederlag for opphald i institusjon - langtidsopphald vart fulgt. Her vart det avdekt at Ålesund kommune sine rutinar for utrekning av vederlaget ikkje var i samsvar med føreskriftene og rutinene. Kommunedirektøren gav i møtet informasjon om at dette no var fulgt opp internt. Ålesund kontrollutval valde difor å ta etterlevingskontrollen til vitande.

#### Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen vil i møtet 01.12.2021 gje kontrollutvalet ei orientering og presentere plan for etterlevingskontroll 2021. Hennar presentasjon fylgjer som vedlegg.



# Forenklet etterlevelsesk kontroll 2021

Kontrollutvalget Ålesund kommune


1. DESEMBER 2021

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon SA

# Forenklet etterlevelseskontroll

2

- ▶ Hjemmel i KommuneLOVEN
- ▶ Standard RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.
- ▶ Risiko- og vesentlighet
- ▶ Rapport om resultatet av kontrollen, innen 30. juni



# Risiko- og vesentlighetsvurdering

3

## Noen utførte kontroller tidligere år:


- ▶ 2018 – Alle de fem tidl. kommunene- Rutinar for førebygging av misleg framferd - pasientmidlar og byggjesaksbehandling
- ▶ 2018 – Ålesund – Rutiner offentlige innkjøp
- ▶ 2019 – Skodje – Etterberekning vederlag for opphald i institusjon
- ▶ 2019 – Ålesund - Skiljet mellom drift og investering i investeringsrekneskapen i Ålesund Kommunale Eigedom KF
- ▶ 2020 Nye Ålesund - Oppholdsbetaling sykehjem - etterlevelseskontroll
- ▶ 2021 – Selvkost – forvaltningsrevisjon



## Lovforarbeidene nevner noen eksempler på relevante områder

- ▶ Offentlige innkjøp
- ▶ Offentlig støtte
- ▶ Selvkost
- ▶ Finansforvaltning
- ▶ Tilskudd til private barnehager
- ▶ Kontraktsoppfølging
- ▶ Tilskuddsforvaltning
- ▶ Andre tilskudd eller overføringer til private

## Risiko- og vesentlighetsvurdering forts.



## Fosterhjemsgodtgjørelse

Etter dialog/innspill fra kontrollutvalgssekretariat, samt egen risikovurdering synes fosterhjemsgodtgjørelse å være mest aktuell for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen for 2021.

Uttalelsen avgis med moderat sikkerhet. Dette innebærer at revisor i større grad vektlegger forespørsler som undersøkelsesmetode, samt at man velger ut færre elementer for kontroll / utfører færre handlinger enn ved ordinær revisjon.

# Kriterium

Våre kontrollpunkt:

- ▶ Etablert avtale i henhold til regelverket
- ▶ Godtgjørelse i tråd med retningslinjene og avtale

Kilde:

- ▶ Forskrift om fosterhjem, fosterhjemsavtale, KS veiledende satser og retningslinjer og regjeringens fosterhjemsstrategi
- ▶ Kommunens egne rutiner og retningslinjer på området

## Oppsummering

Basert på risiko- og vesentlighetsvurdering for kommunen, velges fosterhjemsgodtgjørelse for årets forenklede etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.

En skriftlig uttalelse til kontrollutvalget om resultat av kontrollen, med kopi til kommunedirektøren, vil bli utarbeidet innen 30. juni 2022.

“ Vi skal bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 40/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### Eigarskapskontroll Ålesund kommune - bestilling av prosjektskisse

#### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber om at det vert gjort eigarskapskontroll knytt til Ålesund kommune sitt eigarskap i .....

Kontrollutvalet ber om at det vert utarbeidd ei prosjektskisse med dei moment som kom fram i møtet.

Prosjektskissa for eigarskapskontroll vert å legge fram på kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

#### Bakgrunn:

Ålesund kontrollutval skal på oppdrag frå kommunestyret, bestille utføring av ein eigarskapskontroll, på bakgrunn av vedteken plan for eigarskapskontroll og eigarskapsmelding.

Eigarskapskontroll er omtalt som særbestemmelse i kommunelova og i § 23-4 vert det peika på at ein eigarskapskontroll innebære å kontrollere at den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover og føresegner, vedtak i kommunestyret og kjende prinsipp for eigarstyring.

Eigarstyring vert nytta når kommunen har valt å opprette selskap som skal sørge for tenester til kommunen sine innbyggjarar. Dette er understreka i forarbeida til ny kommunelov ( Prop. 46 L (2017-2018)): "*Dårlig eierstyring kan føre til at innbyggerne ikke får det de har krav på.*"

Kontrollutvala arbeider etter ein bestiller - utførarmodell der kontrollutvalet har rolla som bestiller og revisjonen har rolla som utfører. Kontrollutvalsekretariatet skal hjelpe utvalet med å utføre bestillinga og skal følgje opp status og framdrift.

Revisor skal gjennomføre kontrollen av eigarskapet i samsvar med kontrollutvalet si bestilling, og skal forsikre seg om at kontrollutval og revisor har lik forståing av oppdraget og at rammene er tilstrekkeleg klarlagt. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

Når rapportane kjem frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere og sikre at produktet er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet skal ikkje vurdere

metodeval, prosjektdesign, datainnhenting, lovbruk og vurderingar som framkjem i rapportane til revisor. Dette må revisor sjølv bere ansvaret for gjennom dei kvalitetssystema som skal vareta dette.

Eigarskapskontroll er ei enklare kontrollform enn forvaltningsrevisjon og fokuset i ein slik kontroll skal etter ny kommunelov vere på korleis kommunen som eigar utøver eigarstyring. Kontrollen går i mindre grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at der er etablert rutiner for rapportering frå styret til eigarorganet.

Sjølve eigarskapskontrollen bør vere forbettringsorientert og ha som formål å gje tilråding om tiltak til kommunestyret, dersom det vert avdekket forbettringsområder. På ein slik måte vil kontrollen kunne vere eit bidrag inn i det strategiske arbeidet knytt til kommunen si eigarstyring. Eigarskapskontrollen kan gje grunnlag for ein forvaltningsrevisjon ved eit seinare høve, om det vert avdekt forhold som indikerer at det kan vere nyttig med ei meir grundig gjennomgang av føretaket.

### **Vurdering:**

Ålesund kommune har, i følgje eigarskapsmeldinga si, direkte eigarandelar i 32 aksjeselskap, 6 interkommunale selskap, 4 kommunale føretak samt engasjement i over 30 stiftingar/sjølveigande institusjonar. Vidare deltek kommunen i større og mindre interkommunale samarbeid. Alle vert i eigarskapsmeldinga og her vidare omtalt som føretak. Oversikt over alle føretaka ligg i eigarskapsmeldinga og som eige vedlegg her. Samla sett vert det forvalta store verdiar gjennom desse føretaksformene.

*God eigarstyring er viktig for å:*

- *oppnå dei mål eigarane har hatt med opprettinga av selskapet*
- *forvalte ressursane på best mulig måte*
- *kontrollere risiko*

*God eigarstyring og selskapsleiing krev at det vert bygd opp eit samspel mellom eigarar, styret og leiinga. Samspelet forutset at desse tre organa er einige om kva retning føretaket skal velgje og kva forventningar partane har til måloppnåing.*

*(Kilde: Agnete B. Sommerset, juridisk direktør - Samfunnsbedriftene, Kommunerevisoren 2021/6)*

Det er kommunestyret som har ansvaret for eigarstyringa i kommunen.

Eigarstyringsprinsippa gjeld for alle organisasjonsformene.

Eigarorgana i føretaka har ulike nemningar, I kommunale foretak (KF) er det kommunestyret, i aksjeselskap (AS) er det generalforsamlinga. I interkommunale selskap (IKS) er det generalforsamlinga.

Ålesund kommunestyre har oppretta eit eige eigarskapsutval som er eit politisk oppnemnd utval med ansvar for eigarskapsoppfølging mellom representantskapsmøter og generalforsamlingar. Møteprotokollar frå møta i utvalet: Eigarskapsutval 2021 - Ålesund kommune (alesund.kommune.no)

Kommunestyret styrer føretaka sine indirekte gjennom dei representantane som er oppnemnt til eigarorgana og desse representerer kommunestyret og ikkje sitt politiske parti eller seg sjølv. Det er med andre ord eigaren (kommunestyret) si interesse som er det sentrale og som eigarrepresentanten må kjenne til og arbeide for.



Her er styringsdokumenta sentrale. Dei skal seie noko om kva selskapet skal drive med og formålet bør vere tydeleg formulert. Eigar utformar eigarstrategien og det er styret som utformar selskapsstrategien.

Kommunestyret har i eigarskapsmeldinga omtalt nokre av føretaka med eige faktaark. Dette vert grunngjeve med at kommunen enten har stor eigardel i føretaket, og/eller så er aktiviteten i samarbeidet akkurat no strategisk viktig for kommunen. Det kan difor vere naturleg at kontrollutvalet vel å knytte eigarskapskontrollen til eit av desse selskapa, på bakgrunn av at kommunen sjølv ser på desse som viktige.

Vinklinga kan kanskje då vere på korleis Ålesund kommune utøver sitt eigarskap? Og ha med fokus på nokre av desse momenta frå risiko- og vesentlegvurderinga:

- prinsipp for utøving av eigarskap
- klart føremål med eigarskapet
- føringar på habilitet
- meiroffentlegheit og dokumenthandsaming
- kontroll av måloppnåing
- oppfølging av eigar sine vedtak
- styresamansetning og relevant kompetanse

Nokre alternativ dersom eigarskapskontrollen skal knytast opp mot eit konkret føretak:

#### Tafjord Kraft AS (52,59%)

Ålesund kommune sitt eigarskap i Tafjord Kraft AS har finansielt føremål. Kommunen forventar at det vert levert høgast mogeleg avkastning over tid. Og ei rasjonell organisering med låge administrative kostnader. Føretaket skal bidra til lokal verdiskaping og lokale arbeidsplassar.

Der er uttalt mål knytt til handtering av avfallsressursane gjennom dotterselskapet Tafjord kraftvarme AS. Verdiskaping, klimautslepp og akseptabel pris for innbyggjarane er stikkord her.

Vekstbedriftene: Vekst Ørskog AS, Vekst Ålesund AS, Haram Industrier AS (alle 100%) og evt. Brisk kompetansesenter AS (31,25%).

Vekstbedriftene sitt føremål er produksjon, handel og tenesteytande arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant fysisk og psykisk utviklingshemma, og andre som vanskeleg kan utføre arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Brisk har som primæroppgåve å tilby avklaring, kvalifisering og formidling av menneske utanfor arbeidslivet.

Vekstbedriftene er oppfordra til å sjå på samarbeidsformer for å sikre ressursutnytting til det beste for innbyggjarane. Føretaka skal sikre eit variert og kvalitetsmessig tilbod til innbyggjarar som treng tenestene dei leverer.

#### ÅKP AS (20,37%)

SIVA (Selskapet for Industrivekst) har den største eigarandelen i Ålesund kompetansepark ÅKP AS, medan Ålesund kommune har den nest største. Føremålet er å tilrettelegge, utvikle og drive forskings-, utviklings- og etablererpark i Ålesund for kommersialisering av produkt- og forretningsidear, nyskaping og verksemd i binding med dette.

Ålesund kommune, i sin eigarstrategi, ynskjer at føretaket vidarefører sitt arbeid i samsvar med dagens føremål. Og tett samarbeid mellom ÅKP, kommunen si næringsavdeling og Framtidslaben for å hente ut gode synergjar.

**Konklusjon**

Gjennom dialog på møtet bør kontrollutvalet bestemme seg for kva moment dei vil ha med og om kontrollen skal ta for seg eigar si rolle knytt til eit spesielt føretak. Bestillinga vert retta til Møre og Romsdal revisjon SA og ber om at dei legg fram prosjektskisse for eigarskapskontroll til kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

**Vedlegg**

Samla oversikt eigarinteresser - Ålesund kommune

[Lenkje til digitale dokument](#)

## Del 2 Eigarskapsmelding- spesiell del

### Samla oversikt over alle interesser

| Aksjeselskap                                           | Eigardel |
|--------------------------------------------------------|----------|
| Bingsa Gjenvinning AS                                  | 100 %    |
| Haram Industrier AS                                    | 100%     |
| Haram bygdebok AS                                      | 100 %    |
| Sandøy energi AS                                       | 100 %    |
| Sørsida utvikling AS                                   | 100 %    |
| Vekst Ørskog AS                                        | 100 %    |
| Vekst Ålesund AS                                       | 100 %    |
| Øyvon AS                                               | 100 %    |
| Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS                | 100 %    |
| Ålesund parkering AS                                   | 100 %    |
| Ørskog Energi AS                                       | 80 %     |
| The North West AS                                      | 72,17 %  |
| Tafjord Kraft AS                                       | 52,59 %  |
| Håp i Havet Eiendom AS                                 | 51 %     |
| Plug Ålesund AS                                        | 50 %     |
| Løvsøy industrihus AS                                  | 37,38 %  |
| Brisk kompetansesenter AS                              | 31,25 %  |
| Hamnsundsambandet AS                                   | 21,06%   |
| ÅKP AS                                                 | 20,37 %  |
| Eksportvegen AS                                        | 17,51 %  |
| Møreaksen AS                                           | 14,77 %  |
| Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS         | 12,20 %  |
| Møre og Romsdal såkornfond AS                          | 8,32 %   |
| AS Regionteateret i Møre og Romsdal                    | 8 %      |
| Den Norske Matfestivalen AS                            | 31 %     |
| Muritunet AS                                           | 4,94 %   |
| Hareid fastlandssamband AS                             | 3,71 %   |
| Visit Nordmøre og Romsdal AS                           | 1,67 %   |
| Storfjordsambandet AS                                  | 13,9 %   |
| Samspleis AS                                           | 1,13 %   |
| Rekom AS                                               | 0,96 %   |
| Astero AS                                              | 0,75 %   |
|                                                        |          |
| <b>Interkommunalt selskap</b>                          |          |
| Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS           |          |
| Sunnmøre Friluftsråd                                   |          |
| Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS                  |          |
| Sunnmøre Regionråd IKS                                 |          |
| Åknes/Tafjord beredskap IKS                            |          |
| Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM) |          |
|                                                        |          |
| <b>Kommunalt foretak</b>                               |          |
| Ingebrigt Davik-huset KF                               |          |
| Møre og Romsdal 110-sentralen KF                       |          |
| Ålesund brannvesen KF                                  |          |

|                                                                         |  |
|-------------------------------------------------------------------------|--|
| Ålesund kommunale eigedom KF                                            |  |
|                                                                         |  |
| <b>Interkommunalt samarbeid med felles styre §27</b>                    |  |
| E-kommune Sunnmøre                                                      |  |
| Interkommunalt utval mot akutt forureining Romsdal                      |  |
| Interkommunalt utval mot akutt forureining Sunnmøre                     |  |
| Ålesundregionens Havnevesen                                             |  |
|                                                                         |  |
| <b>Administrativt vertskommunesamarbeid §28</b>                         |  |
| Arbeidsgjevarkontroll (kemner)                                          |  |
| Barnevern (Storfjord barnevern)                                         |  |
| Brannvern                                                               |  |
| Interkommunalt barnevernsvakt Sunnmøre                                  |  |
| Krisesenter                                                             |  |
| Landbrukskontor Nordre Sunnmøre                                         |  |
| Legevakt                                                                |  |
| Overgrepsmottak                                                         |  |
|                                                                         |  |
| <b>Samvirkeføretak</b>                                                  |  |
| Biblioteksentralen SA                                                   |  |
| Møre og Romsdal Revisjon SA                                             |  |
|                                                                         |  |
| <b>Stifting *)</b>                                                      |  |
| Aalesunds forretningsstands fond for trengende                          |  |
| Aalesunds museum                                                        |  |
| Ellingsøy boligstiftelse for eldre                                      |  |
| Hellandshamn bustadstifting                                             |  |
| Josefine Dibello Fjørtoft sitt minnefond                                |  |
| Karoline og Olaf R. Skarbøviks legat for kirke i Skarbøvik              |  |
| Legat for arbeid for eldre og økonomisk vanskeligstilte i Ålesund       |  |
| Musea på Sunnmøre                                                       |  |
| Odd Fellows aldersboliger                                               |  |
| Oscar Larsen og hustrus legat til helsearbeid og pleia av barn og gamle |  |
| Sandøy bustadstiftelse                                                  |  |
| Selnesvågen bustadstiftelse                                             |  |
| Stiftelsen aldersbustaden Øyatun                                        |  |
| Stiftelsen Brannsprøyta s venner                                        |  |
| Stiftelsen eldrebustader i Vaksvik                                      |  |
| Stiftelsen Hamnsund aldersboliger                                       |  |
| Stiftelsen Haramsøy aldersbustader                                      |  |
| Stiftelsen Hessatun                                                     |  |
| Stiftelsen Miljøfyrtårn                                                 |  |
| Stiftelsen Sjømanns kvile                                               |  |
| Stiftelsen Ålesund utleieboliger                                        |  |
| Stiftinga Austnes aldersbustader                                        |  |
| Stiftinga Fjellheim aldersbustader                                      |  |
| Stiftinga Lepsøy aldersbustader                                         |  |
| Stiftinga Olav Oksvik minnesamling                                      |  |
| Stiftinga Vatne aldersbustader                                          |  |
| Vatne Tennfjord bustadstifting                                          |  |

|                                                                                                     |  |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| Vollen Bustadstiftelse                                                                              |  |
| Ålesund kommunes fond for ferie- og fritidstiltak for funksjonshemmet- og miljøtruet barn og ungdom |  |
|                                                                                                     |  |
|                                                                                                     |  |
| <b>Partnerskap</b>                                                                                  |  |
| ALV Møre og Romsdal                                                                                 |  |
| God helse                                                                                           |  |
|                                                                                                     |  |
| <b>Foreining og lag</b>                                                                             |  |
| Destinasjon Ålesund & Sunnmøre                                                                      |  |
| Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) **)                                                          |  |
|                                                                                                     |  |

\*) Stiftingar er sjølveigde. Kommunen har ikkje eigarskap til stiftingar og kan ikkje utøve eigarstyring. Kommunestyret oppnemner representantar til styre i samsvar med vedtektene for den enkelte stifting. Kommunen har ein relasjon til fleire stiftingar enn dei som er med i tabellen ovanfor. Det kan vere oppgåve med å velje medlemar til styret og/eller å gi årlege driftsmidlar.

\*\*) Ålesund kommune har avtale med HNI ut 31.12.2022

#### **Avgrensingar i del 2 - eigarskapsmeldinga:**

Interessene markert med grå cellebakgrunn er omtalt med egne faktaark i eigarskapsmeldinga.

Dette utvalet er gjort fordi kommunen enten har stor eigardel i samarbeidet, eller at aktiviteten i samarbeidet er strategisk viktig for kommunen i gjeldende periode. Dette betyr ikkje at arbeidet i andre føretak ikkje vert vurdert som strategisk og verdifullt. Ålesund kommune vil understreke at ein ønsker god dialog med alle sine interesser og føretak i perioden.

---

## Notat

---

Til

Kopi til

Vår ref. 21/65

Saksbehandlar Solveig Kvamme

Dato 22.11.2021

---

### Lenkje til digitale dokument

[Eigarskapsmelding Ålesund kommune](#)

[Plan for eigarkontroll](#)

[Risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap](#)

Artikkel i Kommunerevisoren:

[Hva kjennetegner god eierstyring?](#)

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
MS 03/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### **Henvending om sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale**

#### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Kontrollutvalsekretariatet mottok på vegne av Ålesund kontrollutval ei henvending 20.10.2021 frå Kirsti Dale, Hans Kjetil Knutsen og Håkon Lykkebø Strand. Denne vert lagt fram for utvalet i møtet 01.12.2021 til vurdering og utvalet må ta stilling til om dette er noko dei vil gå nærare inn på no.

#### **Vedlegg**

Spørsmål kring sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale

Epost - Spørsmål kring sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale

Stadfesting av mottatt spørsmål kring sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale

Til Kontrollutvalget, Ålesund kommune

**Spørsmål om forsvarlig saksbehandling i sak 186/21 Ålesund kommunestyre: Vedrørende festeavtale på Sørsida, Rutebilstasjonen, Gb.nr. 201/838.**

I Ålesund kommunestyre den 23.september 2021 hadde vi i sak som overførte avslutning av festeavtale fra Ålesund kommunale Eiendom (ÅKE) til Sørsida Utvikling AS (SUAS). Denne festeavtalen som gjelder bygningene Rutebilstasjonen og Terminalen skulle etter gjeldene avtale avsluttes av ÅKE selv, og deretter godkjennes i kommunestyret i Ålesund.

På side tre i saksfremstillingen står det under Festeavtaler 4.4.b  
*«Styret (i ÅKE) skal fremme sak til kommunestyret for godkjenning i alle tilfeller av bortfeste av eiendom. Dette gjeld også reforhandling, forlenging eller avslutning av bortfesteavtale»*

Det nye vedtaket som vi vil at Kontrollutvalget skal se på, overfører slutføringen av festeavtalen til Sørsida Utvikling AS, og Ålesund kommunestyre vil ikke lenger få anledning til å godkjenne avtalen som blir inngått. SUAS har nå fått overført all råderett. Vedtaket var mot 15 stemmer, og lyder som følger;

*«Ålesund kommunestyret gir Sørsida Utvikling AS fullmakt til å forvalte og ta beslutninger knyttet til festeavtale av 01.01.1993 gjeldende eiendommen Gnr. 201, Bnr. 838.*

*Fullmakten innbefatter også at Sørsida Utvikling AS gis fullmakt til signering i samme sak».*

Vi stiller derfor spørsmål ved om dette er forsvarlig saksbehandling.

Kan et kommunestyre overføre retten til å oppheve en festeavtale fra et KS kommunalt selskap til et AS, selv om Ålesund kommune eier AS i dette tilfelle?

Bør ikke kommunestyret få anledning til å godkjenne sluttresultatet?

Ålesund kommune har ikke penger og er på kanten av å havne på Robek. Heller ikke ÅKE eller SUAS har midler til å løse ut bygningene som står på Rutebilstasjonen og Terminalen. Vår bekymring er at det nå blir gjort avtaler om bytte til andre tomter på sydsida i Ålesund uten at kommunestyret får være med å godkjenne dette.

Ålesund 20. oktober 2021

Kirsti Dale, Senterpartiet  
Håkon Lykkebø Strand, Frp  
Hans Kjetil Knutsen, Ålesundlista



---

**Emne:** VS: Kontrollutvalget ang festeavtale Sørsida  
**Kopi:** Terri Ann Senior (terri.senior@gmail.com) <terri.senior@gmail.com>  
**Til:** Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksis.no>  
**Sendt:** 20.10.2021 16:05:36  
**Fra:** Kåre Hanken <kaare.alfred.hanken@online.no>  
Fikk dette nå fra Kirsti Dale.

Kåre Hanken

Sendt fra [E-post](#) for Windows

---

**Fra:** [Kirsti dale](#)  
**Sendt:** onsdag 20. oktober 2021 kl. 15.44  
**Til:** [Kåre Alfred Hanken](#); [Kåre Hanken](#)  
**Kopi:** [Håkon Lykkebø Strand](#); [Hans Kjetil Knutsen](#)  
**Emne:** Kontrollutvalget ang festeavtale Sørsida

Hei Kåre

Sender som avtalt saka ang. festeavtalen på Sydsida.  
Håper du får fremmet den i dag, om enn ikke behandlet den.

Beste hilsen fra Kirsti, og sikkert også Håkon og Hans Kjetil 😊

**Emne: Kontrollutvalget ang festeavtale Sørsida**

Hans Kjetil Knutsen

Dykkars ref.

Vår ref.  
21/61

Dato  
21.10.2021

## Spørsmål kring sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS har på vegne av Ålesund kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår. [www.kontrollutval.no](http://www.kontrollutval.no)

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Mottakar  
Håkon Lykkebø Strand  
Kirsti Dale

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
MS 04/21 Ålesund kontrollutval

Møtedato  
01.12.2021

### **Oversikt per 21.10.2021 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker**

#### **Tilrådning til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Vedlegget gjev ei oversikt over saker som kontrollutvalet har behandla og status for oppfølging av desse.

#### **Vedlegg**

Oversikt saker per 21.10.2021

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato  | Sak nr. | Sak                                                                                                            | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Oppfølging                                                                                | Ferdig |
|-------|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 28.01 | 01/21   | Godkjenning møtebok                                                                                            | Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 15. 12.20                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                                           | ✓      |
|       | 02/21   | Meldingar<br>1. Reglement for kontrollutval vedtatt i KS                                                       | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                           | ✓      |
|       | 03/21   | Interimrevisjon                                                                                                | Ålesund kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                           | ✓      |
|       | 04/21   | Prosjektplan for forvaltningsrevisjon                                                                          | Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innan temaet sjølvkost innan teknisk sektor, i tråd med vedlagte prosjektplan.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Høyringsperiode mai -21<br>Oversendingsfrist 10.06.21<br>Behandla ferdig rapport 20.10.21 | ✓      |
|       | 05/21   | Kommunal internkontroll                                                                                        | 1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda.<br>2. Utvalet bed om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Be om orientering frå kommunedirektør om internkontroll (utført 26.05)                    | ✓      |
|       | 06/21   | Arbeidsvilkåra for folkevalde i kommunestyremøta                                                               | 1. Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg kritisk til lengda på kommunestyremøta. Det vert hevda at lange møter med mange sakar vanskeleggjer folkevalde sine arbeidsvilkår, reduserer kvaliteten på saksbehandlinga i møta og i enkelte tilfelle kan gå ut over interessa for politisk arbeid.<br>2. Utvalet finn grunn til å minne om kommunestyret sitt eige reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte. Utvalet har merka seg dei utfordringane som følgjer av t.d. talet på representantar og korona-pandemien. Slik som praksis har utvikla seg er det likevel forklarleg at saksomfang og tidsbruk i det enkelte kommunestyremøte har fått auka fokus.<br>3. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som orienteringssak. Utvalet håper at saka kan vere med å betre møtekulturen for Ålesund kommunestyre i framtida | Sendte vedtak KS                                                                          | ✓      |
|       | 07/21   | Årsmelding 2020 Ålesund kontrollutval                                                                          | Ålesund kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Sendte vedtak KS                                                                          | ✓      |
|       |         | Eventuelt                                                                                                      | Kontrollutvalet ber om ein gjennomgang av reglene for økonomisk tilskot til privatskolane på barne- og ungdomstrinnet i kommunen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Be kommunedirektør/kommunalsjef orientere (utført 03.03)                                  | ✓      |
| 03.03 | 08/21   | Godkjenning møtebok                                                                                            | Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 28.01.21                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                           | ✓      |
|       |         | Orientering om tilskot private skular v/Kommunalsjef Rødal                                                     | Kontrollutvalet ønsker å bli halden oppdatert på arbeidet med rutinar, kriteria og berekning av utbetaling til dei private skulane.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Be om årleg oppdatering frå kommunedirektør                                               | ✓      |
|       | 09/21   | Meldingar<br>1. FKT-konferansen<br>2. Vedtak i KS eigarskapsmelding<br>3. Vedtak i KS arbeidsvilkår folkevalde | Kontrollutvalet tek meldingane til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Sette opp sak om bestilling av eigarskapskontroll til 01.09                               | ✓      |
|       | 10/21   | Budsjettavvik og rapportering i Årsmeldinga                                                                    | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                           | ✓      |

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato         | Sak nr. | Sak                                                                                         | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Oppfølging                               | Ferdig |
|--------------|---------|---------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------|--------|
|              | 11/21   | Oppmoding om vurdering av driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS | Ålesund kontrollutval ber om at det vert henta inn ei juridisk tilråding før utvalet vurderer habilitetsspørsmåla.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Utsett realitetsbehandling, ny sak 13/21 | ✓      |
| <b>17.03</b> | 12/21   | Godkjenning møtebok                                                                         | Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 03.03.21                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                          | ✓      |
|              | 13/21   | Oppmoding om vurdering av driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS | Ålesund kontrollutvalg registrerer at vedtektene til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS, samt leieavtale inngått mellom selskapet og selskapets eier Ålesund kommune, kan fremstå som uklare og til dels selvmotsigende.<br>Kontrollutvalget viser til at Ålesund kommune som eier og leietaker har både rett og plikt til å rette opp i dette, med den kompetanse kommunen besitter. Utover ovennevnte finner ikke Ålesund kontrollutvalg grunn til å iverksette vidare tiltak i saken.<br>Dersom Ålesund kommunestyret er av en annen oppfatning ber kontrollutvalget om et tydelig oppdrag. | Sendte vedtak KS                         | ✓      |
| <b>28.04</b> | 14/21   | Godkjenning møtebok                                                                         | Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 17.03.21                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                          | ✓      |
|              | 15/21   | Meldingar<br>1. Påminning FKT-konferansen                                                   | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                          |        |
|              | 16/21   | Førebels negativ revisjonsberetning                                                         | Kontrollutvalet er gjort kjent med nummerert brev 1 frå revisor, datert 28.04.2021 og tek informasjonen til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                          | ✓      |
|              | 17/21   | Førespurnad frå Norges Miljøvernforbund                                                     | Ålesund kontrollutval avviser å handsame førespurnaden frå Norges Miljøvernforbund på bakgrunn av at det er ei klage på vedtak, sendt til Statsforvaltaren.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Sendte svar til Norges Miljøvernforbund  | ✓      |
|              |         | Eventuelt                                                                                   | Konstituert leiar MR revisjon Kurt Løvoll gav ei kort orientering om status for arbeidet med forvaltningsrevisjon på sjølvkost innan teknisk sektor. Planen er at den skal vere klar rett over sommaren.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Sjå sak 4/21, sak 30/21 og sak 34/21     | ✓      |
| <b>26.05</b> | 18/21   | Godkjenning møtebok                                                                         | Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 28.04.21                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                          | ✓      |
|              |         | Orientering om internkontroll v/kommunedirketør                                             | Utvalet var særskilt opptatt av internkontrollen kring budsjettkontroll i dei ulike verksemdene og at det er tett oppfølging gjennom leiaravtalen når det er overskridingar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Svarer ut vedtaket i sak 5/21            | ✓      |
|              | 19/21   | Meldingar<br>1. Nummerert brev nr. 1                                                        | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                          | ✓      |
|              | 20/21   | Rapport frå revisor etter årsoppgjersrevisjon 2020                                          | Kontrollutvalet tek rapport etter årsoppgjersrevisjon 2020 til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                          | ✓      |
|              | 21/21   | Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund kommune                                    | 1. Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapane og årsberetningane 2020 for Ålesund kommune.<br>2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsberetningane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Sendte vedtak KS                         | ✓      |

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato         | Sak nr. | Sak                                                                                                   | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Oppfølging                      | Ferdig |
|--------------|---------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------|--------|
|              |         |                                                                                                       | 3. Kontrollutvalet viser til at Ålesund Kommune ved utgangen av 2020 hadde eit akkumulert underskot på kr 140,7 mill. Dette set store krav til budsjettdisiplin i åra framover.                                                                                                                                                                                                                         |                                 |        |
|              | 22/21   | Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund kommunale eigedom KF                                 | Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ålesund kommunale eigedom KF.                                                                                                                                                                                                                                                                            | Sende vedtak KS                 | ✓      |
|              | 23/21   | Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund brannvesen KF                                        | Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ålesund brannvesen KF.                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Sende vedtak KS                 | ✓      |
|              | 24/21   | Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Møre og Romsdal 110-sentral KF                               | Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Møre og Romsdal 110-sentral KF.                                                                                                                                                                                                                                                                          | Sende vedtak KS                 | ✓      |
|              | 25/21   | Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ingebrigt Davik-huset KF                                     | Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ingebrigt Davik-huset KF                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Sende vedtak KS                 | ✓      |
|              | 26/21   | Møteplan hausten 2021                                                                                 | Kontrollutvalet vedtek følgjande datoar for sine møter hausten 2021:<br>1.september, 20.oktober og 1.desember                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Korrigere datoar heimeside      | ✓      |
| <b>01.09</b> |         | Godkjenning av møtebok frå 26.05.2021                                                                 | Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå møtet 26.05.2021 slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                 | ✓      |
|              | 27/21   | Orientering om økonomi ved kommunedirektør                                                            | Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                 | ✓      |
|              | 28/21   | Forenkla etterlevingskontroll - rapport frå revisor                                                   | Ålesund kontrollutval tek revisjonen sin rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2020 til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                 | ✓      |
|              | 29/21   | Budsjettforslag 2022 kontrollarbeid Ålesund                                                           | Ålesund kontrollutval tilrår ei budsjetttramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 3.450.000,- slik:<br>1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 50.000,-.<br>2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 3.400.000,-.<br>Fordelt på kr 2.300.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 1.100.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll. | Oversendt kommunedirektør       | ✓      |
|              | 30/21   | Status forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor                                            | Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Behandla i møte 20.10.2021      | ✓      |
|              | 31/21   | Eigarskapskontroll                                                                                    | Kontrollutvalet ber om å få saka tilbake på eit seinare møte for å få meir kunnskap om selskapa, før utvalet bestiller eigarskapskontrollen.                                                                                                                                                                                                                                                            | Settast opp på eit seinare møte |        |
|              | 32/21   | Meldingar<br>1. Protokolltilførsel frå 3 kommunestyrerepresentantar<br>2. Oppfølgingslista over saker | Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                 | ✓      |

## OPPFØLGINGSLISTE 2021

| Dato  | Sak nr.  | Sak                                                                             | Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Oppfølging                                           | Ferdig |
|-------|----------|---------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------|--------|
| 20.10 | 33/21    | Godkjenning innkalling, sakliste, protokoll frå forrige møte                    | Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                      | ✓      |
|       | 34/21    | Rapport forvaltningsrevisjon - sjølvkost innan teknisk sektor - Ålesund kommune | <p>1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor og ber kommunedirektøren merke seg desse.</p> <p>2. Kommunestyret ber kommunedirektøren merke seg dei utfordringar som har vore knytt til kryssubsidiering og ta det med i det vidare arbeid med etablering av eit nytt renovasjonsselskap.</p> <p>3. Kommunestyret bed kommunedirektøren sikre at pliktig avsetning til etterdriftsfond vert handtert i tråd med revisor si tilråding.</p> | Oversendt KS, for handsaming i KS sitt møte 09.12.21 |        |
|       | 35/21    | Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021                                            | Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for revisjon og kommunikasjon 2021 til vitande                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                      | ✓      |
|       | 36/21    | Medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT for Ålesund kommune               | Kontrollutvalet rår Ålesund kommune til å teikne medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                      | ✓      |
|       | 37/21    | Møteplan 2022 Ålesund kontrollutval                                             | Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtek følgande møter for kalenderåret 2022:<br>onsdag 26. januar, onsdag 2. mars, onsdag 27. April, torsdag 2. juni, onsdag 31. august, onsdag 19. oktober, onsdag 23. november                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                                      | ✓      |
|       | MS 01/21 | Revisor sitt sjølvstende                                                        | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                      | ✓      |
|       | MS 02/21 | Oppfølgingslista over saker                                                     | Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                      | ✓      |
| 01.12 |          |                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                      |        |

| Plan forvaltningsrevisjon (FR) og eigarskapskontroll (EK) | FK/EK | bestilling       | Prioritet | start   | Planlagt sluttdato | Levert rapport |
|-----------------------------------------------------------|-------|------------------|-----------|---------|--------------------|----------------|
| Sjølvkost innan teknisk sektor                            | FK    | Sak 43/20        | 1         | Jan -21 | Juni -21           | 06.10.21       |
| Kvalitet innan pleie/omsorg                               | FK    |                  | 2         |         |                    |                |
| Økonomistyring i oppvekstsektoren                         | FK    |                  | 3         |         |                    |                |
| Rutiner offentlege innkjøp                                | FK    |                  | 4         |         |                    |                |
| Eigarskapskontroll (sjå sak 44/20)                        | EK    | Sak 31/21<br>Sak |           |         |                    |                |
|                                                           |       |                  |           |         |                    |                |